Sveio kommune

Dato: 17.11.2022
Arkivsak-ID: 22/2142
Journalpost-ID: 22/19197

Saksbehandlar: Bjarte Stølås Storli
Konstituert rådmann: Ingunn Toft

Saksnr.	Utval	Møtedato
139/22	Formannskapet	28.11.2022
111/22	Kommunestyret	12.12.2022

Kommunale straumstøtteordningar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommune innfører ei ordning med straumtilskot for verksemder som oppfyller nærmare bestemte vilkår, samt ei ordning for støtte til enøktiltak for verksemder og private.
2. Kommunestyret vedtar forskrift om kommunale straumstøtteordningar, slik ho går fram av saka.
3. Formannskapet får mynde til å behandla og avgjera søknadar om straumtilskot.
4. Rådmannen får mynde til å behandla og avgjera søknadar om støtte til enøktiltak.
5. Det må søkast på ordningane via elektronisk søknadsskjema. For søknadar om straumtilskot skal søknaden basera seg på dokumenterte straumutgifter mellom 1. januar 2022 og 30. september 2022, sett opp mot differansen frå tilsvarande tidspunkt i 2021, og blir utbetalt som ei prosentvis andel av differansen av faktisk fakturert straumkostnad.
6. Det blir sett av inntil 2 millionar kroner til ordninga med straumtilskot og inntil kr 500 000,– til ordninga med støtte til enøktiltak. Støtteordningane blir finansierte ved bruk av disposisjonsfond.

Formannskapet 28.11.2022:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Rådmannen viste til at det til den foreslåtte behandlinga i formannskapet vil bli lagd ved ei oversikt over innkomne søknadar, med ulike alternativ til dekningsgrad, slik at formannskapet enkelt skal kunna få ei oversikt over kostnaden ved ulike alternativ.

Lars E. Hollund (H) viste til at forskrifta sin tittel òg bør omtala enøktiltak. Vidare at det ikkje bør vera krav om underskot for å få innvilga støtte, då verksemder med behov for støtte, men med marginalt overskot, blir utelukka frå ordninga. For at lån skal bli gjort om til tilskot må straumstøtta utgjera

meir enn verksemda sitt samla overskot for 2022, eller verksemda må ha eit samla underskot for 2022.

Rune Teikari (FrP) støtta Hollund sitt innspel rundt overskot og underskot, og viste til at ein ikkje skal gi støtte til verksemder med solide overskot. Vidare, når det gjeld støtte til enøktiltak, bør ein ha ei inntektsgrense for søkarane.

Formannskapet var einige i å sjå på ovannemnde innspel fram til behandlinga i kommunestyret.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

FOR- 139/22 Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommune innfører ei ordning med straumtilskot for verksemder som oppfyller nærmare bestemte vilkår, samt ei ordning for støtte til enøktiltak for verksemder og private.
2. Kommunestyret vedtar forskrift om kommunale straumstøtteordningar, slik ho går fram av saka.
3. Formannskapet får mynde til å behandla og avgjera søknadar om straumtilskot.
4. Rådmannen får mynde til å behandla og avgjera søknadar om støtte til enøktiltak.
5. Det må søkast på ordningane via elektronisk søknadsskjema. For søknadar om straumtilskot skal søknaden basera seg på dokumenterte straumutgifter mellom 1. januar 2022 og 30. september 2022, sett opp mot differansen frå tilsvarande tidspunkt i 2021, og blir utbetalt som ei prosentvis andel av differansen av faktisk fakturert straumkostnad.
6. Det blir sett av inntil 2 millionar kroner til ordninga med straumtilskot og inntil kr 500 000,– til ordninga med støtte til enøktiltak. Støtteordningane blir finansierte ved bruk av disposisjonsfond.

Kommunestyret 12.12.2022:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg frå Lars E. Hollund (H) til endringspunkt til formannskapet si tilråding:

Kommunestyret vedtar forskrift om kommunale straumstøtteordningar slik ho går fram av saka, med følgande endringar:

- Tittelen til forskrifta blir endra frå: "Forskrift om kommunal straumstøtteordningar, Sveio kommune, Vestland" til "Forskrift om kommunal straumstøtteordningar og enøktiltak, Sveio kommune, Vestland".
- I § 5 blir setninga "Det er eit vilkår at verksemda har eit samla underskot i drift for 2022 for at lånet skal bli gjort om til tilskot" erstatta med "For at lånet skal bli gjort om til tilskot må straumstøtta utgjera meir enn verksemda sitt samla overskot for 2022, eller at verksemda har eit samla underskot i 2022."

Framlegg frå Arne Valen (Sp) til tilleggspunkt til formannskapet si tilråding:

Søknadar til støtte for installering av varmepumpe (luft til luft) frå personar med vedvarande låg inntekt (maks. kr 400 000,–) blir prioriterte. Det blir sett av kr 100 000,– av totalt kr 500 000,– til

søknadar om installering av varmepumpe til personar med vedvarande låg inntekt.

Røysting:

Det blei først røysta over pkt. 1 i formannskapet si tilråding. Dette blei samrøystes vedtatt.

Deretter blei pkt. 2 i formannskapet si tilråding sett opp mot framlegget frå Hollund (H). Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

Deretter blei det røysta over pkt. 3–6 i formannskapet si tilråding. Desse blei samrøystes vedtatt.

Til sist blei det røysta over Valen (Sp) sitt framlegg. Dette blei samrøystes vedtatt.

KOM- 111/22 Vedtak:

1. Sveio kommune innfører ei ordning med straumtilskot for verksemder som oppfyller nærmare bestemte vilkår, samt ei ordning for støtte til enøktiltak for verksemder og private.
2. Kommunestyret vedtar forskrift om kommunale straumstøtteordningar slik ho går fram av saka, med følgande endringar: a) Tittelen til forskrifta blir endra frå: "Forskrift om kommunal straumstøtteordningar, Sveio kommune, Vestland" til "Forskrift om kommunal straumstøtteordningar og enøktiltak, Sveio kommune, Vestland". b) I § 5 blir setninga "Det er eit vilkår at verksemda har eit samla underskot i drift for 2022 for at lånet skal bli gjort om til tilskot" erstatta med "For at lånet skal bli gjort om til tilskot må straumstøtta utgjera meir enn verksemda sitt samla overskot for 2022, eller at verksemda har eit samla underskot i 2022."
3. Formannskapet får mynde til å behandla og avgjera søknadar om straumtilskot.
4. Rådmannen får mynde til å behandla og avgjera søknadar om støtte til enøktiltak.
5. Det må søkast på ordningane via elektronisk søknadsskjema. For søknadar om straumtilskot skal søknaden basera seg på dokumenterte straumutgifter mellom 1. januar 2022 og 30. september 2022, sett opp mot differansen frå tilsvarande tidspunkt i 2021, og blir utbetalt som ei prosentvis andel av differansen av faktisk fakturert straumkostnad.
6. Det blir sett av inntil 2 millionar kroner til ordninga med straumtilskot og inntil kr 500 000,– til ordninga med støtte til enøktiltak. Støtteordningane blir finansierte ved bruk av disposisjonsfond.
7. Søknadar til støtte for installering av varmepumpe (luft til luft) frå personar med vedvarande låg inntekt (maks. kr 400 000,–) blir prioriterte. Det blir sett av kr 100 000,– av totalt kr 500 000,– til søknadar om installering av varmepumpe til personar med vedvarande låg inntekt.

Saksutgreiing

Samandrag

I tråd med tidlegare vedtak av kommunestyret blir det innført ei straumstøtteordning for lokalt næringsliv, med følgande hovudpunkt:

- Lokale verksemder får dekka ein prosentandel av differansen mellom straumkostnad for månadane januar–september 2022 og tilsvarande tidspunkt i 2021, med eit rente- og avdragsfritt lån som blir gjort om til tilskot ved innlevering av endeleg rekneskap for 2022.
- Det er ikkje krav om at straumkostnadar må utgjera ein viss prosentandel av

driftsutgiftene, men verksemda må ha hatt straumutgifter på minst kr 50 000,– i søknadsperioden.
- Det er eit vilkår om underskot i drift for 2022.
- Søknadsfrist blir sett til 9. januar 2023.
- Søknadane blir lagde fram for formannskapet i deira møte 16. januar 2023, og formannskapet avgjer kor stor prosentandel av straumkostnadane som skal dekkast for søkarane samla.

I tillegg blir det innført ei ordning for både privatpersonar og næringsliv, kor ein gir tilskot til enøktiltak.

Bakgrunn for saka

Rådmannen viser til sak KOM-085/22 kor kommunestyret i sitt møte 26. september 2022 fatta følgande vedtak:

1. *Kommunestyret ber rådmannen, ved første høve i 2022, vurdera straumstøtteordning for både private hushaldningar, næringslivet og kommunale bygg med fokus på enøktiltak, samt rentefrie likviditetslån for næringslivet.*
2. *Kommunestyret sender saka tilbake og ber rådmannen, ved første høve i 2022, utarbeida forslag til straumstøtteordning for næringslivet i Sveio kommune.*
3. *Føremålet med ordninga er å hindra at elles berekraftige verksemder i Sveio kommune får større økonomiske problem som følge av dagens straumpris. Føremålet er ikkje å kompensera verksemder som vil greia seg bra, eller tiltak utanfor Sveio kommune.*

Saks- og faktaopplysningar

Rådmannen viser i all hovudsak til sak KOM-085/22.

I tillegg til ei tilskotsordning med fast søknadsfrist og éin behandlingsrunde, har rådmannen òg vurdert ei tilskotsordning for verksemder med akutt likviditetsutfordringar med løpande behandling, samt ei eiga tilskotsordning for mindre daglegvarebutikkar. Rådmannen har òg sett på om ei ordning med bistand med å søka på statlege ordningar kan vera aktuelt, samt ei ordning for støtte til enøktiltak. Sjå meir under «Vurdering».

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Kommunen utarbeidde eit spørjeskjema for å få eit betre kunnskapsgrunnlag for saka. Spørjeskjemaet blei distribuert til medlemmene av Sveio næringsforum, då dette blei vurdert som den mest effektive måten å nå eit føremålstenleg tverrsnitt av næringslivet i kommunen. Ein fekk inn 13 svar innan fristen. Sjå vedlegg til saka for ei fullstending framstilling av svara. Det har òg tidlegare i prosessen vore telefonisk kontakt med ytterlegare åtte verksemder for å henta inn innspel.

Hovudinntrykket frå spørjeundersøkinga er at det er eit klart fleirtal som meiner at eit straumtilskot vil vera aktuelt for dei, mens likviditetslån ved fare for konkurs, samt søknadsbistand er mindre aktuelt. Samstundes viser fleire respondentar til at mange treng straumstøtte, ikkje nødvendigvis berre dei som står i fare for å gå konkurs / har (stort) underskot i 2022.

Det er henta inn informasjon om fleire andre kommunar sine straumstøtteordningar som grunnlag for saka.

Sveio næringsforum sendte òg eit eige brev til kommunen (vedlagd saka), kor dei bl.a. ber om at «Sveio kommune set i verk straumstøtte til lokale bedrifter» og at kommunen bør «prioritere rask utrulling føre strenge krav for deltaking og rapportering».

Konsekvensar

Formålet med dei kommunale støtteordningane vil vera å avlasta delar av dei auka kostnadane som næringslivet har fått på grunn av stor auke i straumprisen, og dermed forhåpentlegvis forhindra nedskalering eller nedlegging av verksemder som ikkje hadde skjedd hadde prisnivået halde seg lågare, samt bidra til innføring av enøktiltak.

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Rådmannen viser til sak KOM-085/22. Ekstraordinært utbytte frå Haugaland kraft overstig ikkje meirkostnadane Sveio kommune vil ha til straum i 2022. Midlar til dekning av støtteordningar må derfor bli tatt frå disposisjonsfond.

Rådmannen foreslår at ein set eit tak på straumtilskotsordninga til næringslivet på 2 millionar kroner, og eit tak på Kr 500 000,- på ordninga om tilskot til enøktiltak. Om alle midlane faktisk blir brukte vil vera avhengig av talet på søkarar, kor mykje meirkostnadar desse har hatt til straum og prosentandelen formannskapet vedtek å dekka.

Søknadar er vurderte å kunna handterast av administrasjonen, slik at kostnadar til ekstern hjelp ikkje blir nødvendig.

Beredskap

Beredskapsomsyn er ikkje vurdert i saka her.

Vurdering

Tilskotsordning

Rådmannen vurderer dette som eit ønska og formålstenleg tiltak. Som beskrive i saka, bør søkarar få dekka ein prosentvis andel av differansen mellom straumkostnadar i perioden januar–september 2022 og januar–september 2023. Avhengig av antalet søkarar bør det bli opp til formannskapet å avgjera kor stor prosentandel som vil bli dekka (basert på ei sak frå rådmannen til formannskapet til deira møte 16. januar 2023). Slik sikrar ein demokratisk forankring i prosessen, utan at det medfører noko unødig forseinking.

Straumstøtta bør bli gitt som eit rente- og avdragsfritt lån, som blir gjort om til tilskot etter at mottakarar legg fram endeleg rekneskap for 2022.

Rådmannen har tidlegare skissert at berre verksemder som har hatt straumkostnadar som utgjer minst 3 % av driftsutgiftene i søknadsperioden bør vera aktuelle for tilskot, etter mønster av den statlege ordninga. Ved nærmare ettersyn ser ikkje rådmannen på dette som nødvendig; alle relevante verksemder bør kunna få tildelt tilskot. Ved å setta ein minstesum på samla straumkostnadar i perioden på minst kr 50 000,– kan ein avgrensa sakstilfanget noko, utan at dette får urimelege utslag.

Det vil òg vera vilkår om underskot i drift for 2022 for å kunne få straumtilskot. Likevel slik at det etter ei skjønnsmessig vurdering *kan* gjerast unntak frå dette vilkåret dersom søkar kan

dokumentera at det er innført straumsparande tiltak eller andre tiltak som det er sannsynleg at har bidratt til at ein har unngått eit underskot som ein elles ville hatt dersom dei aktuelle tiltaka ikkje var innførte.

Rådmannen foreslår vidare ei øvre grense på støttesum pr. søkar på kr 200 000,–.

Med «straumkostnadar» meiner ein pris pr. kWh gonger forbruk i kWh, og nettleige er ikkje medrekna.

Ved å berre dekka kostnadar for perioden januar–september 2022 unngår ein i hovudsak statsstøtteproblematikk, ved at ein unngår potensiell dobbel støtte (kommunal og statleg) i perioden kor den statlege støtteordninga gjeld (oktober–desember 2022). Sjølv om ein ikkje set ei 3 %-grense (sjå ovanfor), slik at visse lokale verksemder som ikkje er aktuelle for den statlege ordninga, likevel vil vera aktuelle for den kommunale, vil den kommunale ordninga *ikkje* gjelda for verksemder med mindre enn 3 % i straumkostnadar av driftskostnadar i perioden oktober–desember; dette for å unngå ei for komplisert kommunal ordning.

Eit søknadsskjema er under utarbeiding (og vil vera klart til publisering like etter kommunestyret sitt møte 12. desember), kor søkarar vil bli bedt om å fylla inn / legga ved følgande:

- Kontaktinformasjon (verksemdsnamn, org.nr., kontaktperson, adresse, telefon, e-post)
- Stadfesting av at verksemda dekker eigne straumutgifter (har eige straumabonnemnet)
- Bransjetype / kort beskriving av verksemda
- Talet på årsverk
- Stadfesting på at verksemda er hovudinntektskjelda til minst éin person
- Om ein reknar med underskot for 2022 eller ikkje
- Straumkostnadar for januar–september 2021 og januar–september 2022, dokumentert med fakturaar for periodane
- Førebels rekneskap for januar–september 2022

Andre vurderte ordningar

Tilskotsordning ved akutt konkursfare

Tilbakemeldingar frå næringslivet tilseier ikkje at det er eit spesielt behov for ei slik ordning. Med tanke på at straumstøtteordning uansett ikkje blir endeleg vedtatt før av kommunestyret 12. desember, og at ein har som mål å ha ei kort saksbehandlingstid, er det rådmannen si vurdering at behova til verksemder i ulik grad av likviditetspress vil bli godt dekka av det ordinære straumtilskotet.

Ei «akuttordning» kan eventuelt vurderast på nytt i 2023, når ein ser korleis dei statlege ordningane verkar.

Bistand til å søka statlege ordningar

Tilbakemeldingar frå næringslivet tilseier heller ikkje at dette er noko det er eit særleg behov for. Dei statlege ordningane er i skrivande stund under utarbeiding eller allereie aktive; høyring frå Klima- og miljøverndepartementet av 7. november 2022 tilseier at søknadsfrist for straumtilskot for oktober–desember vil bli i løpet av desember 2022.

Supplerande ordning for mindre daglegvarebutikkar

Rådmannen har vurdert eit særtilskot til mindre daglegvarebutikkar, altså daglegvarebutikkar utanfor Sveio sentrum som oppfyller andre behov i lokalmiljøet enn berre rein daglegvarehandel. Rådmannen ser det slik at det ordinære straumtilskot vil dekka òg desse butikkane sine behov, slik at ein for perioden januar–september 2022 vil vera rimeleg dekka når det kjem til eventuelle likviditetsutfordringar.

Rådmannen har vurdert støtte til omgjering av mindre daglegvarebutikkar i Sveio til ubemanna butikkar. Etter dialog med konsulent frå Merkur (Kommunal- og distriktsdepartementet sitt program for utvikling og styrking av butikkar i distrikts-Noreg), er ikkje dette aktuelt for nokon av butikkane på noverande tidspunkt. Ein vil kunna komma tilbake til dette om det skulle bli aktuelt.

Enøktiltak
Kommunestyret har bedt rådmannen vurdera ei støtteordning for private og næringsliv med fokus på enøktiltak.

Rådmannen foreslår ei ordning kor kommunen kan dekke inntil 25 % av kostnaden for følgande tiltak, både for privatpersonar og verksemder:

- Isolering av yttertak og tak mot kaldt loft
- Isolering av golv mot grunn, kald kjellar e.l.
- Isolering av yttervegg
- Skifte av vindauge og glasdører
- Utskifting av vedomn
- Luft til luft-varmepumpe
- Luft til væske-varmepumpe

Lista over er uttømmande, slik at andre tiltak blir ikkje støtta, slik som f.eks. følgande tiltak, som det allereie finst moglegheit til å få tilskot for frå Enova:

- Væske til vatn-varmepumpe
- Vassboren varme
- Bioenergianlegg
- Solceller og solfangar

Søknadsfrist blir sett til 31. januar 2023, og tilgjengelege midlar blir fordelte likt mellom alle søkarar som oppfyller vilkåra, inntil 25% av kostnad. Eit eige skjema blir utarbeidd for dette. Ordninga gjeld med tilbakeverkande kraft f.o.m. 1. januar 2022.

Krav om forskrift
Kommunal tilskotsordning må utarbeidast som forskrift, då det vil dreia seg om «et vedtak som gjelder rettigheter (...) til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer», jf. forvaltningsloven § 2, første avsnitt, bokstav c. Dette er slått fast i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sin rettleiar om offentleg støtte.

Forskrifter må som hovudregel ut på høyring, men dette kan unnlatast dersom det kan svekka forskrifta sin effektivitet, jf. forvaltningsloven § 37, fjerde avsnitt, bokstav b.

Ei enkel høyring vil bli gjennomført, ved at framlegget til forskrift vil bli lagd ut samstundes som saka her blir sendt til formannskapet. Eventuelle innspel vil bli samla i eit vedlegg som blir lagd fram for kommunestyret 12. desember.

Rådmannen sin konklusjon
Rådmannen anbefaler at Sveio kommune tilbyr eit tilskotsordning til lokale verksemder for å dekka (delar av) meirkostnadane til straum dei ni første månadane av 2022. Rådmannen ser ikkje at det er behov for ei ekstra tilskotsordning for «akutte» tilfelle pr. no, men dette kan ein eventuelt vurdera på nytt i 2023, når ein ser korleis kostnadssituasjonen utviklar seg då, og korleis de statlege ordningane fungerer.

Rådmannen anbefaler òg ei ordning for tilskot til enøktiltak.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

–

Vedlegg:

Forskrift om kommunal straumstøtteordning til lokale verksemder – Sveio kommune
Kommunal straumstøtteordning – Rapport frå spørjeundesøking
Behov for straumtilskot til næringslivet i Sveio kommune